



Ønske og løfte for adventstida



Dei fire vekene før jul kallar vi advent. Advent kjem frå det latinske ordet «adventus», som tyder «ei kome» (noko som kjem). Ein kan seie at vi i advent ventar på at jula skal kome. Adventskalenderen skal vere med på å telje ned dagane fram mot jul.

Kva med å fylle desse dagane med noko ekstra? Kva kan du gjere for at adventstida skal bli så fin som råd for både deg og andre? Kanskje har du nokre koselege aktivitetar du ønsker å gjere i lag med nokon? Kanskje ønsker du å skrive julekort, lage julegåver, gå på besøk til nokon eller hjelpe til med noko heime?

- Skriv inn løfta og ønska for adventstida i hjartet under.
- Klipp det ut og heng det opp ein lur stad. Kanskje over senga di?

